

## Martabu ope fram til jul?

20.11.2012



**Martabu på Sandakaien har vorte ein suksess. Snart er det jul og folk undrar på om den trivelege gamle butikken vert opna att. Dei som står ansvarleg for huset håpar på opning, men det må skaffast personale. Stutt sagt må friviljuge melda seg til teneste!**

Det er ikkje berre trong for nokon som kan stå for salet men også nokon som kan bake ferske brød då bakaren er på varmare breiddegrader. Det er særleg laurdagane fram mot jul som kan vera interessante opningsdagar.

Interesserte kan ta ein telefon til Morten Nilsen.